

Årsmøte i Jostedal Historielag onsdag 9. mars 2022.
På Jostedal Hotell kl. 19:30.

Saksliste:

1. Velkomst/møteinnkalling.
2. Val av møteleiar.
3. Val av skrivar.
4. Årsmelding for dei siste 3 år v/ leiar.
5. Årsrekneskap for 2019, 2020 og 2021 v/ kasserar.
6. Val til styre, til tilsyn med husi og til ymse andre nemnd.
7. Val av valnemnd og revisor.
8. Medlemskontingent – medlemmer.
9. Arbeidsplan for 2022.
10. Andre saker.

Etter sjølve årsmøtet vil Mary Aasen vise filmen om Breisete.
Kaffe og lettare servering.

Jostedal Historielag 26. februar 2022.

Styret

Jostedal Historielag – Årsmøte 2019.

Årsmøtet vart halde den 21. februar, 2019, kl. 19:30, på Jostedal Hotell.

Saksliste:

1. Velkomst / møteinnkalling
2. Val av møteleiar
3. Val av skrivar
4. Årsmelding for 2018 v/ leiar
5. Årsrekneskap for 2018 v/ kasserar
6. Val til styre, til tilsyn med husi og til ymse andre nemnd
7. Val av valnemnd og revisor
8. Medlemskontingent - medlemmer
9. Arbeidsplan / Budget for 2019
10. Andre saker

Sak 1.,2 og 3.

Leiar (Olav Stølen) yngste velkommen til årsmøtet og deretter vald som møteleiar. Kari Grov vald som skrivar.

Sak 4. Årsmelding for 2018.

Leiar la fram og utgreidde om årsmeldinga. Det vart diskutert rundt meldinga som deretter vart godkjend. Årsmeldinga vart seinare sendt ut til alle medlemmer i Laget.

Sak 5. Rekneskap for 2018.

Gunnar Ruud gjekk gjennom rekneskapen, den var allereie godkjend av revisor.

Rekneskapen vart godkjent utan merknad.

Under dette punkt la og Arne Fossøy fram rekneskapen til Luster turlag i høve til fellesprosjektet, stien Døsen – Viva. Vurdering av driftsutgifter framover skal avtalast mellom dei tvo lag.

Laget har fått stønad frå Luster Sparebank på kr. 20.000. Laget takkar Banken for denne rause gåve.

Sak 6. Val til styre, til tilsyn med husi og til ymse andre nemnder .

Kristen Ormberg, leiar av valnemndi, kom med framlegg: Oddmund Løkensgard Hoel og Gunnar Rud er på val og tok attval for 2 år. Olav Stølen vald til leiar for eit år. Vara til styre: Attval av Kari Grov og Frode Svori, for 1 år.

Styret og nemnder etter val i 2019:

Leiar: Olav Stølen

Kasserar: Gunnar Ruud

Sekretær: Oddmund L. Hoel

Styremedlemmer: Arne Aasen Hauge og Einar Blikra

Vara medlemer til styret: Kari Grov og Frode Svori.

Tilsyn med Berget: Arne Aasen Hauge (leiar), Einar Blikra, Geir Vidar Tuften og Kari Grov.

Tilsyn med Kverni: Arne Aasen Hauge, Olav Stølen og Kåre Reidar Aasen.

Tilsyn med Skulehuset: Lise Aasen.

Arrangementskomité: Arne Aasen Hauge, Marit Elvekrok, Mary Aasen og Asbjørg Ormberg.

Boknemnd: Oddmund Hoel, Olav Stølen og Kristen Ormberg.

Vegnemnder. Stien Døsen – Viva krev årleg vedlikehald sjølv om den nå er i god stand. Jostedal Historielag meiner det er klokt å dele stien «grendervis» og Valnemndi V/ Kristen Ormberg hadde tala med personar som er viljuge til å gå inn og ta ansvar for dette arbeid. Fyljande vart valde:

Vigdøl – Fossabrui: Bjørn Ove Leirdal og Kristen Ormberg.

Fossabrui – Sperla: Sverre Fossen og Per Fossøy.

Sperla – Prestegarden: John Geir Sperle og Anne Elgersma.

Espe – Elvekrok: Lars Erik Espe og Arvid Elvekrok.

Mjølvvergrendi – Nordheim: Sverre Tvedt og Alv Nordheim.

Sak 7. Val av valnemnd og revisor.

Kristen Ormberg tok attval og Kari Grov vart vald. Aud Fossøy attvald som revisor for 1 år..

Sak 8. Medlemskontingent.

Det var einigheit om å auke medlemskontingenten til 200 kr.

Sak 9. Arbeidsplan, aktivitetar og budsjett for 2019.

Leiar la fram om planlagt arbeid/aktivitetar og om midlar til desse.

- a) Gjenoppning av Stien Døsen Viva. Markere prosjektet med å gå ein del av stien, f.eks. frå skulehuset på Sperla til Prestegarden, pause og kaffi - vidare til Samfundhuset i Krekane og avslutning der.
- b) Det store arbeid med Stadnamns prosjektet er stort sett ferdig, men i eit par år til vil det vere høve til å få med nye namn og rettingar.
- c) Jostedal Historielag og Luster Turlag vil ta bilete og samle materiale om stien Døsen- Viva. Målet er å få til ein artikkel i Kulturhistorisk Årbok for Luster.

10. Andre saker. Erling Bjørnetun ville gjerne få 10 eksemplar av Laget sine bøker til sal på Rådhuset. Gunnar Ruud ordnar med det.

Årsmøtet vart avslutta med kaffi og kveldsmat. Deretter orienterte Erling Bjørnetun om spelemidlar og prosjekt ein kan søkje støtte til. Det er lagt opp til prosjekter innan ein 4 års periode og søknadsfrist er 1. mai, 2019.

Nettstad. <http://www.historielaget.jostedal.no>

Jostedal Historielag 15. februar2020.

Leiar